

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Forsand

Emne: Julenissen

Bygdelag: Lysefjorden.

Oppskr. av: Johannes Bakken

Gard: Bakken

(adresse): Songesand

G.nr. 13 Br.nr. 1 - 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1: Julenissen har plent ingen tradisjon her frå gamalt. Alle eldre svarar nei på spursmålet om dei kjende til julenissen når dei var barn. Heller ikkje no er det noken julenisse her, eller som skifter ut jolegåvor. Det var vel nermast etter 1900-talet at julenissen seig inn, serleg gjennom jolekorta og jolebøker.

2: Til spursmåla 2, 3, 4, 5 og 6 er det soleis ikkje høve å gjeva noke svar på.

7: Julebukkar har heller ingen gamal tradisjon her, og som julenissen har heller ikkje desse vunne noke innpass hjå folket her. Her var det Julasveinane det heitte, som kanskje berre er eit anna namn for julebukkar. Men julasveinane tilliks med Lossiå eller Lossi-Maria (13 des.) var desse dei gjerne skrømde borna med, so dei gav visst slett ikkje jolegåvor.

8: Trur snaut ein kan finna noke samband millom Nissen og Tuften. Tuften eller tuftekallen er truleg ord frå den seinare tid, som vel er det same som vel frå dei eldste tider har vorte nemnt som Bøø'n. Men det har frå gamalt vore regel at plent alle måtte ha eit eller anna nytt og ubrukt til jolafta eller jol.

2

Dei som ingenting nytt hadde måtte (skulde) bera Vera-  
horn mf: Vera-håddn. På kva måte desse skulde "berast"  
er uvisst, då eg ikkje har spurt noke tilfelle at dei  
verkeleg bar dei. ( Her bør det gjerne nemnast at store  
krokete horn frå fleire-år gamle vererx vart gøynde og  
tekne vare på til bruk for å kunna arbeida hornskeier  
av. Mf: Hånnsei, fleire -sjeie, den -sjeiå.)

Dette med nye klær eller sko -eller anna óg - og dette  
trugsmålet med å bera verahåddn var liksom fast regel  
frå fyrr 1900-talet og utover her på Bakken, og truleg  
alle stader her ikring.

9: Serlege gåvor til jul var visst ingen fast regel.  
Om ein nok kan seia at dette med å måtte bera verahåddn,  
som sjølvsagt for borna vart rekna som skamlegt og stak-  
arsleg eller fatigsleg, med god grund kan ha gjort at  
ein gjerne gav eit eller anna nytt til dei som ikkje hadde  
de. Men her som gardane er einbølte - som óg her på Bak-  
ken - var det nok berre far og mor, eller dei nermaste  
som måtte syta for at det vart eit eller anna nytt til  
Jol.

---000---